

Velkommen til avdelingsmøte i avdeling

Sogn og Fjordane

Lederne avdeling Sogn og Fjordane har gleden av å invitere alle medlemmar til avdelingsmøte 7. april 2025. På møtet skal vi mellom anna gjennomføre val av nytt avdelingsstyre.

Har du forslag til saker du ønskjer behandla? Desse må sendast til avdelingsstyret seinast tre veker før møtet. Vi oppmodar alle til å bidra med innspel for å sikre eit engasjerande og relevant møte.

Dato: 7. april 2025

Tid: kl. 17:30 – 20.00. Felles middag frå kl 20.00

Stad: Lokaler, Scandic Sunnfjord hotell

Møtet vert også gjennomført på Teams for dei som ikkje har høve til å delta fysisk.

Etter at dei oppsette sakene er behandla, inviterer vi dykk til eit inspirerende og underholdande show med den engasjerande Per Henrik Stenstrøm – dette vil du ikkje gå glipp av! Kvelden rundast av med ein smakfull middag i den trivelege restauranten **Laksen** kl. 20:00. Her blir det god mat, hyggeleg stemning og moglegheit for uformell prat med gode kollegaer. Vel møtt til ein innhaldsrik og triveleg kveld!

Sakliste (sjå vedlagd innkalling):

- Styret si årsmelding
- Rekneskap og revisor si årsmelding
- Val
- Fastsetjing av lokal kontingent til avdelinga
- Avdelinga sine forslag til saker til kongressen
- Andre saker som er nemnde i innkallinga, samt innkomne forslag

Dersom det er medlemmer som deltek på Teams, kan det bli gjennomført ei digital avstemming for samtlege deltakarar. **NB! Hugs å ta med mobiltelefon.**

Ta gjerne med deg eit potensielt medlem til arrangementet! Meld i så fall vedkomande på direkte til meg trudearlen@lederne.no Dette er ei flott moglegheit for å vise fram fellesskapet i Lederne!

Har du spørsmål, kan du kontakte Trude Arlen Horne på e-post trudearlen@lederne.no.

Vel møtt!

Helsing Styret i Lederne avdeling Sogn og Fjordane

Velkomen til ein innhaldsrik avdelingskveld!

Vi er stolte over å ha med oss forbundsleiar **Audun Ingvartsen** gjennom heile kvelden!

Audun har solid erfaring innan leiing, organisasjonsutvikling og arbeidslivsspørsmål, og er ein engasjert talsperson for fagforeiningsarbeid i Noreg. Med sin innsikt og inspirerende formidlingsevne, vil han dele verdifulle perspektiv som både engasjerer og motiverer. Dette er ei flott moglegheit til å få svar på det du lurar på – enten det gjeld arbeidskvardagen, utviklinga i forbundet eller korleis vi kan påverke fagleg og politisk.



Under den formelle delen av avdelingsmøtet, som inkluderer val av nytt avdelingsstyre for perioden 2025–2027, vil vår rådgjevar **Ragnar Vågen** ta imot potensielle medlemmar i eit eige rom. Ragnar vil presentere dei mange medlemstilboda i Lederne, forklare kvifor det er viktig å vere organisert, og svare på spørsmål om korleis ein kan få mest mogleg ut av medlemskapet. Dette er ei flott moglegheit for nye interesserte å bli betre kjent med kva Lederne kan tilby!

Når avdelingsmøtet er avslutta, fortset kvelden med **Per Henrik Stenstrøm** og det omtalte showet «*Idiotene på jobben*». Dette er eit forrykande føredrag som set søkelyset på dei mange fasettane av arbeidslivet og dei ulike personlegdomane vi møter – alt framført med ei herleg blanding av skarp humor og god innsikt. Stenstrøm er kjend for å kombinere lattervekkjande historiar med praktiske råd og refleksjonar, slik at publikum både blir underhaldne og får noko å tenkje vidare på. Her er det rom for å kjenne seg att i dei fleste situasjonar, og kanskje til og med lære noko nytt om seg sjølv og sine kollegaer.



Kvelden vert til slutt avrunda med loddtrekking og ein god tre rettars middag i Restaurant Laxen. Her blir det tid og rom for å bli betre kjende, byggje nettverk og slå av ein hyggeleg prat. Vi håpar mange vil ta turen for å oppleve både fagleg påfyll, inspirasjon og sosialt samvær.

Gjer deg klar for ein kveld fylt med inspirasjon, innsikt og gode samtalar! Meld deg på, Vi gler oss til å sjå deg!

Innkalling til avdelingsmøte i avdeling Sogn og Fjordane 2025

Herved innkalles alle medlemmer i Lederne avdeling Sogn og Fjordane til avdelingsmøte.

Dato: 07.04.2025

Tid: kl. 17:30 – 20:00. Felles middag kl 20.00 i restaurant Laxen

Sted: Scandic Sunnfjord Hotell (Førde). Teams for dei som ikkje har høve å møte fysisk.

Dagsorden

SAK 1 Konstituering av møtet

SAK 2 Styret si årsmelding

SAK 3 Rekneskap 2023 og 2024

SAK 4 Revisors beretning

SAK 5 Val

5.1 Val av avdelinga sine styremedlemmer og varamedlemmer

5.2 Val av hovudstyremedlem og personleg varamedlem

5.3 Val av kongressdelegatar med varamedlemmer

5.4 Val av revisor

5.5 Val av valkomité

SAK 6 Fastsetjing av lokal kontingent

SAK 7 Behandling av avdelinga sine forslag til saker til kongress 2025

SAK 8 Andre innkomne saker

Praktiske forhold

Alle medlemmer har møte- og talerett. Det er berre yrkesaktive medlemmer som har stemmerett, jf. § 8.5 i Ledernes vedtekter. For medlemmer som deltek på Teams, vil det bli gjennomført ei digital avstemming.

Forslag frå medlemmene

Forslag som medlemmer ønskjer behandla på avdelingsmøtet, skal vere avdelingsstyret i hende seinast tre veker før møtet blir halde (17.mars).

Førde 24.02.25

Trude Arlen Horne

Avdelingsleder Lederne Avdeling Sogn og Fjordane

Styrets beretning 2023-2024

jf. Ledernes vedtekter § 8.4.

AVDELING Lederne avd Sogn og Fjordane**Medlemsdemokrati****Avdelingsverv**

Verv	Navn	Periode
Avdelingsleder	Trude Arlen Horne	22.02.23 – 07.04.2025
Nestleder	Stein Asle Øvrebotn	22.02.23 – 07.04.2025
Kasserer	Iris Johnsen	22.02.23 – 07.01.2025
Styremedlem 1	Ledvin Solvik	22.02.23 – 07.04.2025
Styremedlem 2	Nils Magnar Feten	22.02.23 – 07.04.2025
Styremedlem 3	Monica Sande	22.02.23 – 07.04.2025
Styremedlem 4	Alexandria Følsvik	22.02.23 – 07.04.2025
Vara 1 til styret	Terje Rekdal	22.02.23 – 07.04.2025
Vara 2 til styret	Grete Iren Hansen	22.02.23 – 07.04.2025
Vara 3 til styret		
Revisor 1	Siri Rognsø	22.02.23 – 07.04.2025
Revisor 2	Jon Martin Rønnekleiv	22.02.23 – 07.04.2025
Valgkomite 1	Hallgeir Helland	22.02.23 – 07.04.2025
Valgkomite 2	Bodil Janne Manseth	22.02.23 – 07.04.2025
Valgkomite 3	Finn Ove Aarnes	22.02.23 – 07.04.2025
Valgkomite 4		

Sentrale verv (hovedstyre og kongress)

Verv	Navn	Periode
Hovedstyremedlem	Trude Arlen Horne	22.02.23 – 31.10.25
Vara hovedstyret	Stein Asle Øvrebotn	22.02.23 – 31.10.25
Kongressdelegat 1	Trude Arlen Horne	22.02.23 – 31.10.25
Kongressdelegat 2	Stein Asle Øvreboten	22.02.23 – 31.10.25

Verv	Navn	Periode
Kongressdelegat 3		
Kongressdelegat 4		
Kongressdelegat 5		
Kongressdelegat 6		
Vara kongress 1	Iris Johnsen	22.02.23 – 31.10.25
Vara kongress 2	Monica Sande	22.02.23 – 31.10.25
Vara kongress 3		
Vara kongress 4		
Vara kongress 5		

Avdelinga har hatt eit aktivt og engasjert styre gjennom perioden, med jamlege møter og god oppfølging av både medlemmer og bedriftsgrupper. Det har vore fokus på å sikre brei medverknad frå medlemmane i ulike saker og å styrke kontakten med tillitsvalde i dei tilslutta bedriftsgruppene.

På grunnlag av den positive medlemsveksten i avdelinga vil vi i neste periode stille med tre kongressdelegatar, mot to i inneverande periode. Dette er eit resultat av det målretta arbeidet med rekruttering og medlemspleie, og gir avdelinga betre representasjon og sterkare stemme i dei sentrale prosessane i Lederne. Auken i delegatar vil styrke moglegheita til å løfte saker som er viktige for medlemmane i Sogn og Fjordane, og bidra til at regionen sine interesser blir enda betre ivaretatt på nasjonalt nivå.

Briftsgrupper tilsluttet avdelingen

Kontakt med bedriftsgruppene er eit viktig arbeid i avdelinga og utgjer eit sentralt bindeledd mellom medlemmane og avdelingsstyret. Gjennom tett samarbeid med hovudtillitsvalde og rådgjevar har avdelinga jobba målretta for å sikre godt samarbeid, styrke leiarrolla i verksemdene, og sørge for at medlemmane får den støtta dei treng. Hovudtillitsvalde får tilbod om kursing og opplæring via Lederne sentralt for å stå best mogleg rusta i rolla si.

For at avdelinga skal kunne gjere ein god jobb og yte relevant hjelp, er vi avhengige av tilbakemeldingar frå dei tillitsvalde. Deres innsikt og erfaringar frå verksemdene er avgjerande for at vi kan fange opp utfordringar tidleg, bidra med rettleiing, og arbeide målretta med saker som betyr mest for medlemmane våre.

Vi må ha som mål å etablerer fleire bedriftsgrupper, og her har vi gleda av å presentere dei gruppene vi har pr i dag 😊

Wetscon Yard Florø,	29 medlemmer,	HTV: Geir Myklebust
Elkem Bremanger,	25 medlemmer,	HTV: Arne Rebni
Ewos Florø,	21 medlemmer,	HTV: Terje Rekdal
Sogneprodukt,	12 medlemmer,	HTV: Gaute Vatlestad
Movia,	11 medlemmer,	HTV: Frida Leivdal Haavik
Sunnfjord Kommune,	8 medlemmer,	HTV: Ole Jonny Kapstad
Are Treundistrier, Kaupanger,	8 medlemmer,	HTV: Stian Haukås-Johansen
Bremanger kommune,	7 medlemmer,	HTV: Ivar Øien
Brødrene AA,	5 medlemmer,	HTV: Nicholas Delashmutt
Vik Ørsta,	5 medlemmer,	HTV: Jan Ove Sagerøy

Styremøter

I innverande periode har avdelingsstyret avholdt 12 møter – 6 møter i 2023 og 6 i møter 2024.

Møta har vore prega av gode diskusjonar og praktisk arbeid med å følgje opp aktivitetar, arrangement og saker som gjeld medlemmane. Styret har hatt fokus på medlemsrekruttering, økonomi, planlegging av medlemsmøte, samt oppfølging av bedriftsgrupper og tillitsvalde. Fleire møte har vore fysiske, medan digitale møte har gjort det enklare å samle styret på tvers av fylket. I tillegg til dei fysiske og digitale møta har mykje kommunikasjon føregått på mail.

Arbeidet har i hovudsak vore retta mot å oppretthalde god drift i avdelinga, sikre gjennomføring av planlagde aktivitetar, og halde kontakt med bedriftsgruppene. Styremøta har vore viktige for å utveksle informasjon, koordinere oppgåver og sikre at avdelinga fungerer godt i det daglege.

I tillegg til dei ordinære styremøta har vi deltatt i møte med hovudstyret, bedriftsgrupper, den nasjonale FORAN-konferansen, samt regionale kurs og arrangement. Dette for å sikre at avdelinga og styret held seg oppdatert på viktige saker og utviklingstrekk i organisasjonen, samt være synleg for medlemmane våre.

Medlemsutvikling

Medlemskap	Per 01.01.2023	Per 31.12.2024	Differanse
Yrkesaktive	286	314	28
Pensjonister	55	63	8
Andre	12	16	4
Totalt	353	393	40

Gjennomførte aktiviteter i 2023:

Sogn og Fjordane-konferansen i Loen:

Stor oppslutnad med gode faglege innlegg og nettverksbygging.

Deltaking på Sildebordet i Florø: Ein sosial møteplass med quiz og god medlemsdialog.

Julelunsj for bedriftsgruppene: Ein populær begynnade tradisjon som bidreg til å styrke fellesskapet.

Gjennomførte aktiviteter i 2024:

Kinnaseplet: Aktiv deltaking med fokus på synleggjering av Lederne.

Sogn og Fjordane-konferansen i Flåm: Eit vellukka arrangement med aktuelle tema for leiarar i regionen.

Deltaking på FORAN-konferansen: Bidrog til fagleg påfyll og relasjonsbygging nasjonalt.

Vervekampanje lokalt: Resulterte i medlemsvekst, dei som verva fekk kvar sin flotte ryggsekk tilsendt.

Julelunsj for bedriftsgruppene: Fortsette å vere eit samlande tiltak for medlemmane i bedriftsgruppene våre. 2024 gav enda bedre oppslutning enn 2023.

Val av arrangement og økonomiske vurderingar:

Avdelinga har, med tanke på storleik og økonomi, valt å gjennomføre eitt større arrangement på hausten og eit mindre på våren. Dette sikrar god deltaking, samstundes som ein tek omsyn til kostnadane. Å arrangere slike samlingar i vår region er krevjande, då det er liten konkurranse mellom hotella, noko som påverkar prisnivået. I tillegg har fylket vårt relativt få aktuelle foredragshaldarar, noko som gjer at vi oftast må hente inn eksterne bidragsytarar. Dette medfører ekstra utgifter til reise og opphald.

Det geografisk utfordrande fylket vårt gjer at mange deltakarar har lange reiseavstandar og krevjande transportlogistikk for å nå arrangementa våre. Difor er det ofte nødvendig å tilby overnatting, slik at deltakarane kan vere med utan å måtte reise fram og tilbake same dag. Dette bidreg til betre deltaking, lengre tilgjengelegheit på arrangementa, og ikkje minst til at medlemmane får meir utbytte av både det faglege innhaldet og dei sosiale møteplassane som arrangementa gir. Å kunne overnatte gir også rom for meir uformelle samtalar og nettverksbygging, noko som mange medlemmar har sett pris på.

Sjølv om overnatting medfører auka totalkostnad for avdelinga, vurderer vi det som ei nødvendig investering for å sikre brei deltaking frå heile fylket. Utan tilbod om overnatting ville fleire medlemmar, spesielt dei som bur lengst unna, ha utfordringar med å delta. Målet vårt er å skape inkluderande møteplassar som er tilgjengelege for alle, uavhengig av kor ein bur i regionen.

Innimellom dukkar det òg opp spontane tilbod og “pop-up”-aktivitetar, som til dømes utloddingar eller billetttilbod til ulike arrangement og show. Desse vert vurderte fortløpande for å gi medlemmane eit variert og engasjerande tilbod.

Avdelingsmøte 2023

Avdelingsmøte 2023 ble avholdt den 22.02.23 på Scandic Sunnfjord Hotell og spa, hvor xx medlemmer møtte.

Regnskap

Det vises til regnskap som vil bli presentert som egen sak.

Andre forhold

2023 og 2024 har vore prega av positiv utvikling og auka engasjement i avdelinga. Medlemsveksten på 40 medlemmar i perioden er eit tydeleg teikn på at arbeidet vi gjer blir sett pris på, og at fleire ser verdien av å vere medlem i Lederne. Det gode samarbeidet med bedriftsgruppene har vore avgjerande for å skape eit sterkt fellesskap, der medlemmane kjenner seg høyrde og ivaretatte. Særleg positivt er det å sjå at bedriftsgruppene har vore flinke til å delta på dei ulike arrangementa våre, ikkje minst på den årlege konferansen, som har blitt ein viktig møteplass for både fagleg påfyll og erfaringsutveksling.

Avdelinga har òg opplevd auka deltaking på dei andre arrangementa våre, noko som viser at medlemmane set pris på dei sosiale og faglege møteplassane vi tilbyr. Særleg gledelig er det at julelunsjen har etablert seg som ein populær tradisjon, med aukande oppslutnad i 2024 samanlikna med året før. Vi har vidare merka eit aukande engasjement blant yngre medlemmar, noko som er positivt med tanke på avdelinga si framtidige utvikling. Med fleire aktive medlemmar som ønskjer å bidra, står vi godt rusta for kommande utfordringar og moglegheiter.

Vi ser eit godt potensial for vidare vekst framover. For å realisere dette vil avdelingsstyret, i tett samarbeid med rådgjevar og Lederne sentralt, ha ein viktig jobb å gjere. Gjennom målretta innsats, synleggjering av organisasjonen sine fordelar, og tett oppfølging av eksisterande og potensielle medlemmar, skal vi arbeide vidare for å styrke posisjonen vår i regionen.

Samtidig ser vi at avdelinga har hatt ei generell høg gjennomsnittsalder blant medlemmane. Sjølv om pensjonistar utgjer den største gruppa som **melder seg ut**,

har vi merka ei positiv utvikling der fleire vel å halde fram som medlemmar etter pensjonsalder. Dette kan henge saman med at medlemmane har blitt meir bevisste på dei gode tilboda og fordelane som også gjeld for pensjonistar. Det er òg verdt å merke seg at vi har svært få/ingen medlemmar som oppgir misnøye som grunn til utmelding. Vi må likevel anta at økonomi kan spele inn for enkelte, særleg med tanke på den renteutviklinga og prisauken som har vore i perioden. I slike tilfelle kan det vere utfordrande å argumentere for vidare medlemskap, sjølv om medlemskontingenten gir skattefrådrag.

Vi vil framover ha fokus på å synleggjere verdien av medlemskapet, både for yrkesaktive og pensjonistar, for å sikre at vi held på medlemmane lengst mogleg.

Til slutt vil eg trekke fram det gode samhaldet i styret, der samarbeidet har vore prega av openheit, respekt og vilje til å finne gode løysingar til det beste for medlemmane våre. Som leiar av avdelinga er eg stolt over den innsatsen og det engasjementet styremedlemmane har vist gjennom heile perioden. Deira bidrag har vore avgjerande for at vi har fått til så mykje godt arbeid, og det legg eit solid grunnlag for vidare utvikling av avdelinga.

Venleg helsing
Lederne avd Sogn og Fjordane

Lederne avdeling Sogn og Fjordane

Avdelingsleder

Nestleder

Kasserer

Styremedlem

Styremedlem

Styremedlem

Styremedlem

Styremedlem

Stad/dato

Enkel balanserapport

Firma: Lederne avd. Sogn og Fjordane
 IB, Bevegelse, UB - Denne per. og hittil i år Periode: 12 2023

IB denne Denne periode Ub denne periode IB i år Hittil i år UB hittil i år

EIENDELER

Anleggsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Varige driftsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Finansielle anleggsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Varer	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Kommunal/statlig mva	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Fordringer	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Forskudd/ Internim	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Investeringer	1 193 150	0	1 193 150	1 132 706	60 444	1 193 150
Bankinnskudd, kontanter	1 607 853	35 956	1 643 810	1 940 053	-296 244	1 643 810
SUM EIENDELER	2 801 003	35 956	2 836 960	3 072 759	-235 799	2 836 960

GJELD OG EGENKAPITAL

Innskutt egenkapital	-3 052 497	0	-3 052 497	-3 051 590	-907	-3 052 497
Opplynt kapital	-2 429	218 273	215 845	-2 429	218 273	215 845
Sum Egenkapital	-3 054 926	218 273	-2 836 653	-3 054 019	217 366	-2 836 653
Forpliktelser	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Annen langsiktig gjeld	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00

Enkel balanserapport

Firma: Lederne avd. Sogn og Fjordane
IB, Bevegelse, UB - Denne per. og hittil i år Periode: 12 2023

	IB denne periode	Denne periode	Ub denne periode	IB i år	Hittil i år	UB hittil i år
Kortsiktig gjeld	15 638	-15 945	-307	-18 740	18 433	-307
Sum Gjeld	15 638	-15 945	-307	-18 740	18 433	-307

SUM GJELD OG EGENKAPIT, -3 039 288 202 328 -2 836 960 -3 072 759 235 799 -2 836 960

UDISPONERT OVER-/UNDE, 238 285 -238 285 0 0 0 0

Kontroll linje 0 0 0 0 0 0 0

Enkel resultatrapport

Firma: Lederne avd. Sogn og Fjordane
Denne periode, hittil i år og ifjor Periode: 12 2023

Onsdag 21. Feb 2024 14:53

Side: 1/

	Denne per. i år	Denne per. i fjor	Avvik	Hittil i år	Hittil i fjor	Avvik
DRIFTSINNTEKTER						
Kontingenter	-11 720,00	-11 300,00	-420,00	-241 104,00	-185 025,00	-56 079,00
Salg utenfor avgiftsområde	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre inntekter	0,00	0,00	0,00	0,00	11 160,00	-11 160,00
SUM DRIFTSINNTEKTER	-11 720,00	-11 300,00	-420,00	-241 104,00	-173 865,00	-67 239,00

DRIFTSKOSTNADER						
Varekostnad	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Lønnskostnader	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Driftskostnader	18 563,75	32 950,00	-14 386,25	569 128,37	291 066,82	278 061,55
Avskrivninger	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
SUM DRIFTSKOSTNADER	18 563,75	32 950,00	-14 386,25	569 128,37	291 066,82	278 061,55

Driftsresultat 6 843,75 21 650,00 -14 806,25 328 024,37 117 201,82 210 822,55

FINANSPOSTER	-245 128,32	-17 718,00	-227 410,32	-328 024,37	-17 718,00	-310 306,37
--------------	-------------	------------	-------------	-------------	------------	-------------

RESULTAT ETTER FINANSPL -238 284,57 3 932,00 -242 216,57 0,00 99 483,82 -99 483,82

Enkel resultatrapport

Firma: Lederne avd. Sogn og Fjordane

Denne periode, hittil i år og ifjor Periode: 12 2023

	Denne per. i år	Denne per. i fjor	Avvik	Hittil i år	Hittil i fjor	Avvik
Dekningsbidrag i kroner (S&)	-11 720,00	-11 300,00	-420,00	-241 104,00	-173 865,00	-67 239,00
Dekning i prosent	100,00	100,00	100,00	100,00	100,00	100,00

Enkel balanserapport

Mandag 3. Feb 2025 13:46

Side: 1/1

Firma: Lederne avd. Sogn og Fjordane

IB, Bevegelse, UB - Denne per. og hittil i år Periode: 12 2024

	IB denne periode	Denne periode	Ub denne periode	IB i år	Hittil i år	UB hittil i år
EIENDELER						
Anleggsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Varige driftsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Finansielle anleggsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Varer	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Kommunal/statlig mva	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Fordringer	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Forskudd/ Intermim	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Investeringer	1 353 074,13	134 688,50	1 487 762,63	1 193 150,09	294 612,54	1 487 762,63
Bankinnskudd, kontanter	1 415 976,21	51 477,50	1 467 453,71	1 643 809,86	-176 356,15	1 467 453,71
SUM EIENDELER	2 769 050,34	186 166,00	2 955 216,34	2 836 959,95	118 256,39	2 955 216,34
GJELD OG EGENKAPITAL						
Innskutt egenkapital	-3 068 334,99	0,00	-3 068 334,99	-3 052 497,18	-15 837,81	-3 068 334,99
Opptjent kapital	215 844,58	-80 459,83	135 384,75	215 844,58	-80 459,83	135 384,75
Sum Egenkapital	-2 852 490,41	-80 459,83	-2 932 950,24	-2 836 652,60	-96 297,64	-2 932 950,24
Forpliktelser	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Annen langsiktig gjeld	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Kortsiktig gjeld	15 218,90	-37 485,00	-22 266,10	-307,35	-21 958,75	-22 266,10
Sum Gjeld	15 218,90	-37 485,00	-22 266,10	-307,35	-21 958,75	-22 266,10
SUM GJELD OG EGENKAPITAL	-2 837 271,51	-117 944,83	-2 955 216,34	-2 836 959,95	-118 256,39	-2 955 216,34
UDISPONERT OVER-/UNDERSKUDD	68 221,17	-68 221,17	-0,00	0,00	-0,00	-0,00
Kontroll linje	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00

19,00

Vianna Software AS - Vianna Global (s12600001)

Enkel resultatrapport - Lederne

Lørdag 1. Feb 2025 16:47

Side: 1/1

Firma: Lederne avd. Sogn og Fjordane

Denne periode, hittil i år og ifjor Periode: 12 2024

	Denne per. i år	Denne per. i fjor	Avvik	Hittil i år	Hittil i fjor	Avvik
DRIFTSINNTEKTER						
Kontingenter	-12 460,00	-11 720,00	-740,00	-143 590,00	-140 070,00	-3 520,00
Aktivitetstilskudd fra lederne	0,00	0,00	0,00	-172 238,30	-101 034,00	-71 204,30
Salg utenfor avgiftsområdet	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre inntekter	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
SUM DRIFTSINNTEKTER	-12 460,00	-11 720,00	-740,00	-315 828,30	-241 104,00	-74 724,30
DRIFTSKOSTNADER						
Varekostnad	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Lønnskostnader	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Driftskostnader	39 552,30	18 563,75	20 988,55	571 065,81	569 128,37	1 937,44
Avskrivninger	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
SUM DRIFTSKOSTNADER	39 552,30	18 563,75	20 988,55	571 065,81	569 128,37	1 937,44
Driftsresultat	39 552,30	18 563,75	20 988,55	398 827,51	468 094,37	-69 266,86
FINANSPOSTER	-95 313,47	-245 128,32	149 814,85	-255 237,51	-328 024,37	72 786,86
RESULTAT ETTER FINANSPOSTER	-68 221,17	-238 284,57	170 063,40	0,00	0,00	0,00
Dekningsbidrag i kroner (Salg - kjøp)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Dekning i prosent	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00

19,00

Visma Software AS - Visma Global (s.1260001)

Firma: Lederne avd. Sogn og Fjordane

Utvalg: 01-12 (Jan - Des) 2024

Konto	Kontonavn	Inngående balanse	Bevegelse	Utgående balanse
1530	Opptjent ikke fakturert inntekt			
1820	Verdipapirfond	1 193 150	294 613	1 487 763
1920	SSF, kto 3705 44 60067. Fastrenteinnskudd	1 470 062	-260 190	1 209 873
1925	SSF, driftskonto 3829 20 14896	173 748	83 833	257 581
2030	Innskudd fra nedlagte avdelinger	-3 052 497	-15 838	-3 068 335
2050	Annen egenkapital	-2 429	-80 460	-82 889
2080	Udekket tap	218 273		218 273
2380	SSF, Visakort (Styrets leder)	15 519	-285	15 234
2400	Leverandørgjeld	-15 826	-21 674	-37 500
2960	Påløpt kostnader			
3100	Avdelingskontigent		-143 590	-143 590
3110	Lederne, Aktivitetsmidler		-172 238	-172 238
6710	Møtehonorer, styret		8 937	8 937
6840	Avdelingstilskudd		17 238	17 238
6860	Avdelingsstyremøter		22 361	22 361
6870	Arrangement for medlemmene		21 479	21 479
6871	Sogn- og Fjordane Konferansen		392 240	392 240
7320	Reklamekostnad		82 603	82 603
7420	Gaver		23 763	23 763
7770	Bank og kortgebyrer		2 447	2 447
8050	Renteinntekter		-272 580	-272 580
8080	Verdøkning finansielle omløpsmidler		-63 117	-63 117
8800	Årsresultat		80 460	80 460
Sum totalt:		-0,00	0,00	-0,00

LEDERNE AVD SOGN OG FJORDANE 2023 / 2024

Regnskapet er avsluttet og kontrollert, samme med saldo på kontoer i Sparebanken Sogn og Fjordane, og er i samsvar med kontokuranter.

Årsavslutningsrapporten fra Holberg Kreditt viser at fondet har en verdi på kr 1.487.763,- pr 31.12.24.

Regnskapet gir et rett bilde av lagets økonomi.

Florø, 01.02.25



Iris Tornes Johnsen

Kasserer



Siri Rognsø

Revisor



Jon Martin Rønnekleiv

Revisor

Sak 6: Fastsetjing av lokal kontingent

Avdelingsstyret har i styremøte behandla saka om lokal kontingent og legg fram følgjande forslag til vedtak:

Styret foreslår å vidareføre den lokale kontingenten på 40 kr per måned for perioden 2026-2027

Den lokale kontingenten utgjer ein del av midlane som bidreg til å sikre og finansiere aktivitetane i lokalavdelinga. Vi minner om at alle medlemmar har påverknad på korleis desse midlane blir disponerte. Per i dag har avdelinga hatt hovudfokus på å bruke desse midlane til eit arrangement på våren og eit større arrangement på hausten, som er Sogn og Fjordane-konferansen. Midlane vert også nytta opp mot bedriftsgruppene våre.

Forslag til vedtak:

"Avdelingsmøtet vedtek å halde fast ved lokal kontingent på 40 kr per måned for perioden 2026–2027."

Dette forslaget vert lagt fram for avdelingsmøtet 07.04. 2025 for endeleg behandling og vedtak.

VALGKOMITEENS INNSTILLING TIL AVDELINGSMØTET

Avdeling	Avholdes dato / år
Sogn og fjordane	07.04.2025

Avdelingsverv

VERV	NAVN	VERV	NAVN
Avdelingsleder	Trude Arlen Horne	Nestleder	Stein-Asle Øvrebotn
Kasserer	Iris Johnsen	Styremedlem 1	Nils Magnar Feten
Styremedlem 2	Monica Sande	Styremedlem 3	Ledvin Egil Solvik
Styremedlem 4	Alexandria Følsvik		
Vara 1 til styret	Terje Rekdal	Vara 2 til styret	Grete Iren Hansen
Revisor 1	Siri Rognsø	Revisor 2	Jon Martin Rønnekleiv
Valgkomite 1		Valgkomite 2	
Valgkomite 3			

Sentrale verv

VERV	NAVN	VERV	NAVN
Hovedstyre-medlem	Trude Arlen Horne	Vara til hovedstyret	Stein-Asle Øvrebotn
Kongressdelegat 1	Trude Arlen Horne	Kongressdelegat 2	Stein-Asle Øvrebotn
Kongressdelegat 3	Iris Johnsen		
Vara 1 kongress	Nils Magnar Feten	Vara 2 kongress	Monica Sande